

Årsmelding Hyen IL 2025



INNHALD:

• SAKLISTE FOR ÅRSMØTET	1
• TILLITSVALDE 2025	2
• ÅRSMELDING FRÅ STYRET	3
• ÅRSMELDING FRÅ IDRETTSSKULEN	4
• ÅRSMELDING FRÅ TRIMGRUPPA	5
• ÅRSMELDING FRÅ FOTBALLGRUPPA	6
• ÅRSMELDING FRÅ SKIGRUPPA	7
• ÅRSMELDING FRÅ FRIIDRETTSGRUPPA	8
• ÅRSMELDING FRÅ SPINN-GYM-GRUPPA	9
• ÅRSMELDING FRÅ HANDBALLGRUPPA	10



Kapittel 1



Sakliste for årsmøte i Hyen Idrettslag 2025

Hyen 17.02.26

Styret viser til innkalling til årsmøte av 26.01.26

Årsmøtet vert halde 26. februar 2026 kl 19.30 i Hyen Samfunnshus.

SAK 1 KONSTITUERING:

- a: Godkjenne dei stemmeberettiga medlemmane
- b: Velje møteleiar
- c: Velje protokollførar
- d: Velje to medlemmar til å underskrive protokollen
- e: Godkjenne innkallinga
- f: Godkjenne saklista

Sak 2: Handsame idrettslaget si årsmelding, inkludert gruppeårsmeldingar

Sak 3: Handsame idrettslaget sin rekneskap for 2025

Sak 4: Fastsetje medlemskontingent for 2027 og treningsavgift for 2027, eller gje fullmakt til styret til å fastsetje treningsavgifter.

Sak 5: Budsjett for 2026

Sak 6: Val, foreta følgjande val:

6.1 Styre:

- leiar
- styremedlem[er]
- varamedlem[er]

6.2 Kontrollutval:

- leiar
- medlem

6.3 Gruppeleiarar

6.4 Representantar til ting og møter i dei organisasjonsledda idrettslaget har representasjons-rett eller gi styret fullmakt til å oppnemne representantene

6.5 Valkomit :

- leiar
- medlem
- varamedlem

Ved spørsmål om årsmøtet, kan Hanna Ommedal Aa kontaktast på 920 41 636 eller hanna@akvavet.no

Med venleg helsing styret i Hyen idrettslag

Kapittel 2

Tillitsvalde i Hyen Idrettslag 2025

ARBEIDSUTVAL		Årstal valde inn i gruppa		På val
Hanna Ommedal Aa	leiar	2015		2026
Marit Straume	nestleiar	2014		2026
Alf Erik Røyrvik	kasserar	2022		2026
Ragnhild Vårdal	idrettsskulen	2020		2026
Jens Robert Hope	vara	2024		2026
FRIIDRETTSGRUPPA				
Even Rønnekleiv	leiar	2018		2026
Hilde Aa		2008		
Gry Therese Nesse		2017		
Marius Rygg		2016		
SKIGRUPPA				
Anne Berit Selle	leiar	2016		2027
Geir Kjetil Aa Hope		2017		
Olav Marius Aa, løypeansvarleg Dalheim		2024		
Erik Ommedal, løypeansvarleg Høgdene		2016		
FOTBALLGRUPPA				
Per Inge Straume	leiar	2025		2027
Jakob Straume	oppmann sn	2025		
Åsmund Ommedal		2008		
Anders Ommedal	barnefotball	2022		
Øyvind Magnus Solheim		2024		
SPINN-GYM GRUPPA				
Ida Kristine Eikenes	leiar	2023		2026
Evalill Ommedal Aa		2025		
Ida Sofie Gjesdal		2024		
Eirik Rønnekleiv		2024		
Anne Hjorteset (spinning)	nestleiar	2021		
HANDBALLGRUPPA				
Synne Marie Oppheim	leiar	2021		2027
Magni Aa Berge		2022		
Inger-Mari Akse		2022		

TRIMGRUPPA

Kirsti Meyer Hope	leiar	Lenge	2026
Judit Aa		Lenge	
Anton Aa		Lenge	
Jakob Rønnekleiv		Lenge	
Alf Erik Røyrvik		2018	
Jan Arve Heimsæter		2014	

IDRETTSSKULEN

Ragnhild Vårdal	leiar	2020	2026
Lukasz Rogalewski		2020	
Inger Mari Akse		2016	

KONTROLLUTVAL

Solbjørg Holme Moen	leiar		2026
Ole Matias Aa			2026

UTSENDINGAR TIL ÅRSMØTET I GLOPPEN IDRETTSRÅD

Hanna Ommedal Aa	leiar
Alf Erik Røyrvik	kasserar
Marit Straume	nestleiar
Ragnhild Vårdal	styremedlem

REPRESENTANTAR TIL ÅRSMØTET I HYEN SAMFUNNSHUS

Hyen IL stiller med tre representantar. Sidan alle i styret i HIL også sit i styret i Hyen Samfunnshus, får styret i HIL mandat til å finne sine egne vararepresentantar

VALNEMND

Margrethe Beate Mjellem	2023
Arne Kåre Rønnekleiv Holme	2024
Håkon Solheim	2025

Kapittel 3 Årsmelding frå styret

Oppgradering av anlegget på Høgden

I mai fekk vi positiv tilbakemelding på spelemiddelsøknaden om oppgradering av lysanlegget på Høgden. Hyen Idrettslag fekk tildelt 445.000 kr der, og i tillegg har vi tidlegare vorte tildelt kr 145.828 frå Straumsmarte idrettsanlegg. Arbeidet med å skifte ut lysarmaturane til ledlys vart starta opp hausten 2025. Det var vanskelege forhold i løypa og liften sette seg fast i myrområde fleire gonger. Men elektrikarane frå Firda Elektro fekk skifta vel 50 armaturar. Resten er tenkt å takast no i inneverande vinter når kulden gjer underlaget fastare. Ein håpar også ein kan få bytt nokre rotne stolpar samt retta opp enkelte stolpar om lag samstundes.

Bygningane på Høgden har fått seg eit løft. I fjor var fokuset først og fremst ute på skraping og maling av dei to husa. I 2025 fekk ein i tillegg skifta papp, lagt knotteplast og torvtak på smørjebua. Så no er dette bygget tett. Vi klarte ikkje å få skifta kledninga på dei to veggane som var rotne på klubbhuset på dugnad, så her vart snekkarar frå Naustdal Bygg leigt inn. Hovudfokuset i fjor var innvendig oppgradering av klubbhuset. Der var ein del hol både i veggjar, tak og golv som måtte tettast / sparklast. I tillegg vart alle overflater målte. Golvet vart retta noko opp i hovudrommet før nytt golvbelegg vart lagt i heile bygninga (dette leigde vi Fargerike Sandane til). Vi var svært heldige som fekk eit brukt kjøken inkludert kjøleskåp og steikeomn frå privatpersonar på Sandane, så der fekk vi sett inn reolar på den eine veggen på kjøkenet. På kjøkenet har vi kjøpt inn platetopp og montert ny benkeplate. Stolar og salongbord var her frå før, og desse vart grunna og målte. I tillegg laga Narve Eimhjellen to etebord til hovudrommet – tusen takk for gáva! Sofaen til hjørnet vart kjøpt på loppemarknaden til Hyen skule når «gamleskulen» skulle tømast. Hyen Rør ved Torger har montert Jets toalett innvendig, men dette er ikkje klart til bruk før kloakktank og utvendige rør er monterte. I tillegg er det kjøpt inn nye lampar, og her gjenstår det litt elektrisk arbeid før alt er klart. Medio november kunne vi endeleg ta i bruk oppdaterte bygningar i samband med Aktivitetsdagen som vi arrangerte i lag med Bygdekvinnelaget. Her var det godt oppmøte og vi hadde ein kjekk ettermiddag.

Vi i styret vil takke alle som har stilt opp på dugnad. Tusen takk!

Her kjem litt bilete frå klubbhuset på Høgden. Dette vil stå ope med litt varme på slik at det kan brukast som «varmestove» for dei som er på Høgden. Vi set pris på om alle forlet romma i like fin og ryddig stand som dei var i når de kom. Viss nokon vil leige huset til fødselsdagar osv, vil dette vere mogleg (ta kontakt med ein av oss i styret).



Klubbhuset med nytt tak, delvis ny kledning, ny dør og ny farge! Siste målejobben skal takast i vår.



Kjøken før



Kjøken etter



Hovudrom før og etter



Veggen mellom eit lagerrom og hovudrommet vart teken ned, slik at det vart plass til eit sofahjørne i hovudrommet.

Styremøte

I 2025 har vi berre hatt 3 ordinære styremøte der heile styret har vore samla, men vi hatt mykje kommunikasjon internt via vår eiga messenger-gruppe. I år har det ikkje vore interesse for felles styremøte med gruppeleiarar, men det har vore ein del kommunikasjon i felles messengergruppe.

Styret har også vore samla ved ein del praktiske oppgåver i samband med dugnadar på Høgden, ulike arrangement som påskelaurdag, som vakter under Oktoberfesten og grilling under Friluftshelga. Vi har delteke på fleire leiarforum i regi av Gloppen idrettsråd saman med leiarar / styremedlemmer i dei andre idrettslaga i Gloppen. Dette har vore kjekke samlingar. I tillegg har leiar og kasserar vore på styrekurs for idrettslag, og leiar og nestleiar var på kurset Trygg på trening.

Aktivitet

Vi viser her til gruppene sine eigne årsmeldingar seinare i den samla årsmeldinga.

Påskelaurdag 19. april

Som i fjor ønskte styret i idrettslaget å lage eit tilbod for både fastbuande og påskegjestar. Det var tilgang til gymsal i tillegg til idrettsplassen, og på Møteplassen laga vi til kafe. Det var påmelding til påskeeggjakt rundt om på Holmen og på Åsen. Også dette året hadde vi godt oppmøte, og vi håpar både små og store kosa seg. Takk til dei som baka kaker og bollar, og som hjelpste oss med å gøyme vel 55 påskeegg!

Friluftshelga vart også dette året arrangert i ein mindre omfattande variant. I fjor vart Olsokløpet avlyst på grunn av styggever, medan det i år var motsett problem med svært varmt ver som gjorde det uforsvarleg å arrangere dette bratte støylsløpet. På tysdag var det lokaloppgjør mellom Eikefjorden og Hyen der gjestane trakk det lengste strået. Under fotballkampen hadde vi sal av grillmat «slik det pla». På torsdagen var det to fjellturar: Vidstøylsegga og Blåfjellkyrkja på Solheim.

Idrettsstipendet

Også i 2025 vart dette stipendet delt ut. Magni Aa Berge delte ut prisen på Idrettsbasaren 16. november på vegne av AOH-stiftelsen. Her følgjer grunngjevinga for utdelinga av årets idrettstipend:

Odin Rønnekleiv Oppheim, født 2010, har vore aktiv og utmerka seg innan fleire idrettar gjennom barne og ungdomsåra. I friidrett har han hevda seg godt på dei største gute- og jentestemna i landet (FRAMO og Tyrvingleikane), og han har hatt fleire resultat i landstoppen i si klasse – med pallplass i lengde og tresteg. Best er likevel resultatet han oppnådd i lengde utan tilløp som 14-åring. Dette var det suverent beste resultatet landet det året, og med resultatet 2,75 oppnådde han også 1000 poeng etter Tyrvingtabellen.

Odin har vore ein viktig stafettpar for gutelaget til Hyen dei siste åra. Han har sprunge dei tyngste og lengste etappane, og er ein viktig årsak til at Hyen har vunne Oldenstafetten to av dei siste tre åra, og har andre- og tredje plassar på Breimstafetten.

I tillegg til å delta på grunntreningsøktene i Hyen, har Odin dei siste åra satsa og brukt meir tid på handball. Han starta med handball i Hyen, men har dei seinaste åra, naturleg nok, spelt for Gloppen Handballklubb (GHK), no gutar 16 år.

Laget har kvalifisert seg til fylke og regionsfinalen dei seinaste åra. I fjor spelte laget i Trondheimcup der dei spelte seg til semifinale mot Elverum, som er eit eliteklubb lag. Dei tapte med 1 mål etter «sudden death».

Innsatsen på handballbana har blitt lagt merke til. Odin har blitt plukka ut til fleire sone og regionale samlingar i Sogn og Fjordane og Hordaland. No nyleg blei han, saman med 24 andre, tekne ut til regional landslagssamling. Dette er ei samling for spelarar er vurdert som aktuelle for sentrale landslag.

Odin representerer Hyen Idrettslag som handballdommar og bidreg som trenar for G8 og G10-laget i handball. Han er eit godt forbilde på at det er forhold og tilbod i Hyen som gir moglegheit til å hevde seg i sin idrett. Vi syns han representerer Hyen på ein god måte, og støttar vidare satsing på idrett.

Gratulerer med velfortent pris, Odin!



Gymsal og basseng

Aktiviteten i gymbygget går sin gang om lag som føregåande år. Som tidlegare varierer tal deltakarar på dei ulike treningane, men jamnt over er det bra oppmøte. I gymsalen er det «måndagstrening» (utetrening og styrkedel inne), sterk og stødig-trening for dei godt

vaksne, dame- og gubbetrim (gymsal / vektrom / basseng), zumba, idrettskule, handballtreningar, styrketrening på fredagar og ballidrett på laurdag. Vi er heldige å ha vatn i bassenget om lag seks månader i året, så i dei månadane dette er ope er det også tilbod om symjing.

Vektrom og spinning

Desse aktivitetane er vel kanskje dei mest populære tilboda vi har i idrettslaget. I 2025 var det omlag 140 medlemmer som betalte treningsavgift for vektrommet. For å gå på spinning treng ein kun å betale den årlege medlemskontingenten i idrettslaget, medan ein i tillegg må betale ei treningsavgift for å nytte vektrommet. Denne treningsavgifta er for ungdomsskuleelevar og fram til og med 16 år kr 200, og for alle frå og med det året dei fyller 17 år, er treningsavgifta på kr 500 årleg.

Viss ein ønskjer å bruke desse tilboda utan å vere medlem / ha betalt treningsavgift, kan ein vippse 50 kr per gang til Hyen idrettslag (oppslag på døra inn til vektrommet og til spinningrommet).

Det er viktig at medlemmane brukar bookingsystemet for vektrommet og at ein ryddar opp etter seg. Her er dei aller fleste veldig flinke, medan nokre framleis har noko forbettringspotensiale.

Idrettsbasaren

Søndag den 16. november var det igjen klart for den viktigaste dagen i året for idrettslaget, nemleg Idrettsbasaren. Basaren vart gjennomført etter vanleg oppskrift, og som tidlegare år fekk HIL flotte premiar både til hovudgevinstar, åresal, tombola og tippekonkurransar frå gåvmilde firma og privatpersonar. Tusen takk! Som dei to siste åra hadde vi også digital loddbok på hovudgevinstane. Årets idrettsbasar gav eit svært godt resultat. Basaren gav eit overskott på ca 110.000 kr! Dette gjer oss frie midlar som vi kan bruke der dei trengst mest. Vi er veldig takknemlege for alle som stiller opp, for alle som støtta oss med store og mindre gevinstar, baka kaker og elles bidrog til ein triveleg basar.

Årsrekneskap

Økonomien i Idrettslaget er framleis god og robust. Den jamlege drifta går i pluss, og vi har bygd oss opp litt eigenkapital. Vi har omlag 1,1 million kroner "på bok". Det gjer oss handlingsrom til investeringar, slik som vi no gjer på Høgdenene.

Så får vi dekkja inn det meste av kostnadane med investeringane og andre innkjøp gjennom ulike formar for støtte. Tippemidlar og AOH-stiftinga bidreg med mykje!

Medlemstal

Vi er svært takksame for alle som ønskjer å vere medlemmer i idrettslaget, enten ein er aktive eller passive. Vi ønskjer å påpeike at alle som deltek på aktivitetar i regi av idrettslaget SKAL vere medlemmar i HIL.

Dette skuldast at forsikringa ved skade og ulykke KUN gjeld for registrerte medlemmar. Ta kontakt med ein av oss i styret om du synest det er vanskeleg å melde deg inn.

Lenke til innmelding i Hyen Idrettslag: <https://medlemskap.nif.no/25788>

Oversikt over registrerte medlemmer i 2025:

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	3	9	15	11	103	141
Menn	3	14	19	25	132	193
Totalt	6	23	34	36	235	334

Medlemsutviklinga:

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Totalt	273	301	315	312	344	372	334

Etter at Brødrene Aa gjekk konkurs, melde nokon av dei utanlandske arbeidarane seg ut i 2025, og vi reknar med vi vil sjå litt av det same i 2026.

Det er viktig at medlemmer gir oss melding om dei ikkje lenger vil vere medlemmer i laget, sidan vi brukar mykje tid på å purre medlemskontingentar. Vi har eit medlemssystem som til tider kan gje oss litt hovudbry, så fint om de også gjev oss melding om de vert feil fakturerte eller ikkje har fått faktura i det heile.

Medlemstalet er viktig for idrettslaget for det gjev seg klare utslag i kor mykje offentleg støtte Hyen Idrettslag får.

Sponsorane våre

Hyen idrettslag inngjekk i november 2023 ei samarbeidsavtale med Intersport Sandane AS. Denne gjev idrettslaget 3 % av salssummen i sponsormidlar når medlemane våre nyttar Intersport-appen i butikken. Det er viktig at medlemane våre nyttar seg av denne når dei handlar her; både for å få rabatt sjølve, men også for at idrettslaget skal få støtte.

I tillegg til dei faste sponsorane våre, så har AOH-stiftelsen gitt Idrettsstipendet i mange år. I 2024 fekk vi ei fantastisk støtte til oppgraderinga av bygningane på Høgdene. Denne støtta vart utbetalt i 2025, og fotballgruppa har i tillegg fått støtte til ny ballbinge.

Sponsorane er svært viktige for økonomien i eit så lite idrettslag, så på vegne av Hyen Idrettslag ønskjer vi å seie tusen hjarteleg takk til dykk som sponsar oss! Så håpar vi at alle medlemmer støttar opp om lokale næringsaktørar. Sponsorane våre har trykkmerke på klubbdrakter og på medlemskolleksjonen vår. Vi ber om at alle som representerer Hyen Idrettslag i konkurransar, profilerer sponsorane våre ved å bruke «rett uniform».

BRØDRENE AA



Austrheim
LEIV AUSTRHEIM AS



Helsing frå leiaren

Det er kjekt at idretten har så gode kår her i Hyen, men også i kommunen generelt. Dette gjev god folkehelse, meistring og fellesskap som er viktig i ei verd som verkar meir uforutseieleg enn på lenge. Å vere leiar kan vere krevjande, men det er også mykje som er givande. Samstundes så er det mykje byråkrati som også aukar på innan idretten. Det går mykje tid til medlemssystem, innrapportering og papirmølle generelt. Eg trur at dette fører med seg at mange kvir seg til å ta på seg slike verv. Så arbeidet med

å gjere blant anna medlemssystem enklare og mindre tidkrevjande, er viktig. Heldigvis er dette signal som NIF har oppfatta og som dei prøver å gjere noko med.

Dei siste åra har samarbeidet med andre idrettslag i kommunen vorte tettare. Blant anna har Gloppen idrettsråd teke initiativ til eigne leiarforum der ein kan diskutere felles utfordringar. I tillegg vert det arrangert ulike kurs som det kan vere vanskeleg for det enkelte idrettslag å skipe til. Samarbeid på tvers av lag er viktig for framtidig rekruttering til styreverv, tenkjer eg.

Dei siste åra har det vore gjort mykje på friluftsanlegget på Høgdenene. Det er veldig kjekt å sjå at vi får til mykje i lag og at resultatet blir bra! Ikkje minst er det motiverande at folk stiller opp på dugnad. Igjen vil eg rette ei stor takk til alle dykk som har stilt opp med målekost, sparkelspade, sag, tang og hammar.

Tusen takk til alle dykk som trufast stiller som instruktørar, badevakter, vaffelsteikarar, sjåførar, gruppeleiarar – og gruppemedlemer og som brukar mykje av fritida dykkar for at vi alle skal ha ei levande bygd. Som Kong Harald sa i nyttårstala: «Vi har så mykje godt og viktig å ta vare på. Som vi har bygd opp saman, som vi må ta vare på saman, og som vi held fram med å skape saman. Vi må bidra der vi kan. Både i det store og det vesle».

Kapittel 4 **Årsmelding frå idrettskulen**

Idrettskulen har fulgt samme opplegg som før med treningar på onsdagane frå kl 17.30-18.30. Frå hausten 2024 starta vi med å involvere alle foreldre i instruktør/badevakter, noko som har fungert bra heile vegen. Våren 2025 var super og det var lite som stod i vegen for utføring av idrettskulen, oppmøtet var godt.

Hausten 2025 holdt vi same tråden, alle foreldre bidrar. Men betraktelig mindre oppmøte denne hausten, grunna andre treningar på Sandane ol. Dette er sjølvstykkeleg og utgjer ein enorm forskjell for dei ungane som er med. I mange tilfelle er dei ikkje meir enn 4 stk på storegruppa. Vi har vurdert å endre tidspunkt, men det kjem i vegen for andre treningar uansett veg, og vi velger derfor å halde tida som før. Lite snø har gjort det vanskeleg å ta i bruk det som er nyoppussa på Høgdenene, men vi håpar det let seg gjere i 2026!

Takk til alle foreldre som bidrar!

Kapittel 5 **Årsmelding frå Trimgruppa 2025**

Medlemer i gruppa: Jakob Rønnekleiv, Anton Aa, Alf Erik Røyrvik, Jan Arve Heimsæter, Judit Aa og Kirsti Meyer Hope.



Trimgruppa har hatt god aktivitet også i 2025. Utandørsarrangementa og trimturane har hatt god oppslutning. Det har også vore mange på treningar i gymbygget. Men dessverre har det vore lite aktivitet sist vinter på grunn av lite snø og ustabile verforhold.





Vår/sommar

Det vart gjennomført 5 fellesturar på forsommaren. Planen var 6 turar, men turen til Byrkjeneset blei avlyst på grunn av veret. Frammøtet var stort sett bra. Vi gjekk Hope rundt, til Utigardstøylen, rundtur i Rongkleivmarka, til Kamben og til Røyrvikestøylen. Også i år er det mange registreringar i Trimbøkene. Inntrykket er at det er mange som nyttar seg av den flotte naturen vi har rundt oss.

Trimgruppa var og med på gjennomføringa av turane i samband med friluftshelga.



Det har vore Trimpostar på følgjande stadar:

Solheimstøylen, Utigardstøylen og Gamlestøylen (Eimhjellen), Røyrvikstøylen, Lavesteinen (Hope), Holsstøylen, Mjellemstøylen, Kannarhøgjen (Aastøylen) og Bleikeggja (Rønnekleiv),

Det var flest registreringar på Solheimstøylen med 253 registreringar!

Gymbygget

Det har vore god oppslutning om treningane i gymbygget. Vi har tilbod om dame- og herre- trim i gymsal, vektrom og basseng. Det er også eit tilbod om styrketrening i vektrommet for damer på tysdagar og styrke/sirkeltrening på fredagar.

Sterk og stødig

Elles held vi fram med Sterk og Stødig, eit tilbod om styrke- og balanse-trening for «godt vaksne». Det har vore populært, så kvar måndag kl. 10.00 blir gymsalen fylt opp av treningsivrige folk i eit aldersspenn frå slutten av 60 åra til nærmare 90!! (Vanlegvis er vi nokre og tretti frammøtte!)

Kapittel 6 Årsmelding Fotballgruppa 2025



Kongleriket Miniputt turnering 2025



I 2025 deltok både små og store miniputtar frå Hyen i Kongleriket Miniputt-turneringar. Vi starta på Sandane 11. mai. Hyen stile med eit gutelag for 9-åringar (5v5), eit gutelag for 7-åringar (3v3) og eit jentelag for 7-åringar (3v3). I strålende sol blei det mange mål og gode opplevingar for alle.



Seinare, den 21. september på Breim, stilte Hyen med eit gutelag for 7-åringar (3v3) og eit gutelag 9-åringar. Med eit meir haustleg vær, blei det vist god kampånd og innsats på ei god og våt grasbane.

Hyarane viste god lagånd og innsats, og dei utstrålte stor idrettsglede. Stor takk til alle som har deltatt på treningar og turneringar av unge og foreldre i 2025. Stor takk til AOH-stiftelsen for innkjøp av ny minibane. Denne gleder vi oss til å ta i bruk i 2026.



Hyen senior 2025



Hyen sitt A-lag i 6. divisjon var klare for eit nytt og litt krevjande år. Hyen fotball blei prega av trenarbyte og at mange i startformasjonen forsvann til andre lag / nye jobbar. Men vi som var igjen var gira og motivert for å gjere så godt vi kunne for Hyen.

I år så skulle vi spele i Sunnfjordgruppa med 8 lag som skulle gi oss 14 kampar. Det var ei stund sidan sist, så dette var spennande å ta fatt på. Etter ei god oppkøyring med gode treningskampar, så var Hyen klare for å ta fatt på fyrste serierunde borte mot Breim 29. april.

Hyen starta bra, men vi merka at dei store forandringane med spelarar gjorde til at det ikkje var like bra spel som i 2024-sesongen. Men Hyen pressa bra på og skaffa gode sjansar. Morten Ommedal fekk frispark på 20m, og han set ballen fint ned i hjørnet og det stod 0-1 til Hyen. Dette var fyrste av mange mål som Morten Ommedal skulle skåre for Hyen dette året. Han var ein nøkkelspelar for Hyen å ha med seg.

Men etter pause så merkar vi at beina og kondisen ikkje er heilt på topp, og få folk på innbytarbenken gjorde til at vi mista intensiteten i spelet. Det førte til at Breim tok over kampen som til slutt enda med 3-1 til Breim. Surt tap i fyrste lokaloppgjøret.

Det gjekk litt trått resten av sesongen med mange hårfine tap der vi jobba sterkt, men sleit med å setje ballen i mål.

Eit stort høgdepunkt var når vi endeleg fekk oss måltavle. Vi vil rekke ei stor takk til Frilufthelgkomiteen, som sponsa oss med den nye måltavla, og Anders Ommedal som

har jobbe hardt og lenge med å få tak i måltavle. Vi fekk montert måltavla i sommar og fekk avduka den med ein kjempesiger mot Breim heime. Vi vann 7-1.

Anders Ommedal gjekk av som leiar i Hyen Fotball etter sesongen. Anders har leia Hyen Fotball i mange år og gjort ein kjempejobb for fotballen i Hyen. Vil rekke ei stor takk til Anders for alt han har gjort for fotballen i Hyen. Han gir stafettpinnen vidare til Per Inge Straume.

KM Futsal vinter 2025

Hyen deltok på KM futsal i vinter. Det er ei god stund sidan Hyen har deltatt i futsal, så det var kjekt og kunne stille lag igjen. KM i futsal blei heldt i Førde Hallen. Hyen reiste med ein god gjeng for å spele mot lag ifrå heile Sogn og Fjordane. Hyen spelte mot Loen, Stryn og Årdal i kampen mot og gå vidare i gruppa. Hyen møtte tre gode lag som var veldig samkørte og som hadde god ballkontroll. Alle kampene ende dessverre med tap. Men dei som tok turen, reiste heim med ein god opplevelse og vi satsar på og stille endå sterkare neste år.

Statistikk Hyen A-lag sesongen 2025

30.09.2025 19:00	Sandane 2	Hyen	6 - 1
22.09.2025 19:00	Hyen	Tambarskjelvar	3 - 4
16.09.2025 19:00	Svelgen/Bremanger 2	Hyen	2 - 1
09.09.2025 19:00	Hyen	Tempo	1 - 4
26.08.2025 19:00	Florø 3	Hyen	8 - 1
19.08.2025 19:00	Hyen	Breimsbygda	7 - 1
10.06.2025 19:00	Hyen	Sandane 2	0 - 2
03.06.2025 19:00	Tambarskjelvar	Hyen	4 - 1
27.05.2025 19:00	Hyen	Svelgen/Bremanger 2	0 - 1
20.05.2025 19:00	Tempo	Hyen	7 - 0
13.05.2025 19:00	Førde SI	Hyen	0 - 0
06.05.2025 19:00	Hyen	Florø 3	4 - 1
29.04.2025 19:00	Breimsbygda	Hyen	3 - 1

1	Tempo	12	10	1	1	52 - 2428	31
2	Sandane 2	12	7	2	3	33 - 1617	23
3	Tambarskjelvar	12	6	1	5	26 - 242	19
4	Florø 3	12	5	1	6	31 - 32-1	16
5	Svelgen/Bremanger 2	12	5	1	6	22 - 27-5	16
6	Breimsbygda	12	3	2	7	18 - 36-18	11
7	Hyen	12	2	0	10	20 - 43-23	6
*	Førde SI	Ute (06.06.2025)					

Årets spelar: Morten Ommedal

Årets Unge Spelar: Nikolai Ommedal

Toppscarar: Morten Ommedal 6 mål

50 kampar i Hyedrakta: Nikolai Ommedal, Morten Ommedal og Vegard Søhoel

Flest offisielle kampar

Ola Henning Ommedal 364 kampar

Åsmund Ommedal 325 kampar

Hans Otto Holme 248 kampar

Flest mål

Åsmund Ommedal 111 mål

Roger Knutsen Nordal 67 mål

Anders Ommedal 60 mål

Eldste Målskorar: Ola Henning Ommedal 50 år og 305 dagar (Florø 3 heime)

Yngste målskorar: Per Inge Straume 15 år og 103 dagar (Vikane borte)

Yngste spelar: Ingvar Ommedal Aa 14 år og 140 dagar (Breimsbygda borte)

Flest mål på ein sesong: Jon Bjarne Hope, 15 mål i 2002

Eldste spelar: Tor Larsen 53 år sesongen 1999

	Kampar	Mål	Total	
			Kampar	Mål
Øyvind Magnus Solheim	7	2	208	4
Anders Ommedal	9		196	60
Ola Andreas Ommedal	9		161	2
Torleiv Jr Straume	13		163	13
Mikael Nordal	2		45	11
Ole Jakob Mjellem	13	2	139	17
Per Inge Straume	7		113	17
Ingvar Ommedal Aa	9		9	0
Sander Hope	3		3	0
Håkon Solheim	1		88	16
Jakob Straume	13	4	89	14
Kristoffer Ommedal	7		60	0
Torstein Straume	7		57	2
Vegard Søhol	4		51	6
Andreas Haugen Fiskerstrand	12	4	12	4
Nikolai Ommedal	13		57	0
Morten Ommedal	12	6	55	21
Odd Arne Røyrvik	6		9	1
Ola Henning Ommedal	9	1	364	21
Bjørn Andre Røyrvik	8		38	2
Eivind Gjermstad	4		11	0
Håkon Holme	9		14	0
David Eimhjellen	12		12	0
Alfred Aa Hope	10		13	0

Kapittel 7 ÅRSMELDING 2025 FRÅ SKIGRUPPA

Skigruppa har vore den same både før og etter årsmøtet 27. februar 2025:

Anne Berit Selle – leiar

Geir Kjetil Aa Hope

Erik Ommedal – løypeansvarleg Høgdene

Olav Marius Aa – løypeansvarleg Dalheim

I tillegg til desse deltok Odd Arne Røyrvik som instruktør.

Aktivitet

Vinteren 24/25 vart ein svært dårleg skivinter. Det kom snø i desember, men det er ikkje så lett å finne tid til løypekøyring i julestria, så då var ikkje løypene oppkøyrde. Trakkemaskina vart køyrd på Høgdene 8. januar, men det tok ikkje så lang tid etter det før snøen forsvann og den kom rett og slett ikkje att i mengder som trengs for å gå på ski.

Det vart arrangert ein ski- og akekveld for idrettsskulen på Straumsbøen 8. januar. Odd Arne var med som instruktør, men det var berre ein (eller to) som hadde med ski, og dei ville heller ake når resten skulle ake. Aking er både moro og god trening når ein må oppatt bakken, så det var ein kjekk og vellukka kveld, sjølv om det ikkje vart skitrening på nokon.

Vikane Røde Kors si hytte på Utvikfjellet var bestilt i midten av mars med håp om å kunne arrangere den tradisjonelle skihelga for barn, ungdom og foreldre. Først vart det utsetjing og deretter avbestilling då snøen uteblei totalt heile etterjulsvinteren.

Jon Rolf Skamo Hope



Biletet er teke frå Jon Rolf sitt påskebrev 2025.

Jon Rolf bur på Beitostølen men vi er glade for at han framleis representerer Hyen idrettslag. Han held oss oppdaterte med lesarbrev, men måtte dessverre melde at etterjulsvinteren 2025 var prega av restitusjon og opptrening etter skade som han pådrog seg før jul. Etter kvart fekk han trena meir, men det vart deltaking i relativt få renn og resultatane uteblei. På slutten av sesongen vart det nokre oppturar som gav motivasjon for vidare satsing: 3. plass i skøytebirken og 13. plass i Engadin Skimaraton i Sveits 😊

Etter sesongslutt forstod han at ei drastisk omlegging måtte til. Han satsa åleine med ny trenar som var den same som han hadde i slutten av tenåra, og gjekk ut av forbundslaget Elon Vest. Då var han fri til å tilpasse treninga til sine eigne behov. Han fekk trena godt og fekk orden på skader. Men det vart likevel skuffande svake

resultat i dei to opningsrenna på Beitostølen i november, og så blei det influensa etter det.

I skrivande stund er etterjulsvinteren 2026 godt i gong, men vi kjem tilbake til den i årsmeldinga til neste år. Vi ønskjer Jon Rolf lukke til med resten av sesongen, og håpar han får lønn for all treningsinnsatsen i form av resultat han blir fornøgd med.

Låneordning for ski til barn

Denne gjeld enno, og 3 par ski og sko er utlånte.

Lysløypa på Høgdene

Hyen idrettslag vart i år tildelt spelemidler til rehabilitering av lysløypa på Høgdene. Lysa skal skiftast til ledlys og nokre stolpar måtte bytast. Arbeidet er godt i gang men ikkje heilt fullført enno. I tillegg er det gjort mykje vedlikehald og oppgradering av klubbhuset og smørjebua. Det gjenstår også ein del på klubbhuset, då det er planen å få inn toalett og å lage eit betre inngangsparti. Men no er huset presentabelt, og det er blitt ein fin plass for å ta seg pause, ete nista og varme seg om ein treng det.



Folk og maskiner i sving på Høgdene.

Hyen 18. februar 2026; Anne Berit Selle

Kapittel 8 Årsmelding friidrettsgruppa

Friidrettssesongen start med innandørsstemne på Sandane. Det var litt mindre deltaking frå Hyen enn vi har hatt tidlegare år, men resultata til dei som deltok var bra.

Stafettar

Tradisjonen tru var vi på plass på terrengstafettane i både Olden og på Breim. I Olden hadde Hyen gutelag, og etter siger to år på rad håpte ein å ta det tredje og avgjerande nappet i vandrepokalen. Ikkje uventa vart STIL ein utfordrande konkurrent og ein måtte til sist ta til takke med andreplass. På laget sprang Gabriel Aa Berge, Brage Oppheim Rønnekleiv, Alfred Aa Hope, Johan Hope og David Eimhjellen.



Premieutdeling Oldenstafetten

På Breimstafetten har det vore klart lenge at vi står føre nokre krevjande år med omsyn til å klare å stille gute- og jenteleg. Dessverre blei det vanskeleg allereie i år, men då er det gledeleg at ein klarte å stille herrelag. I herreklassa blei det ein tett duell med GFIL om tredjeprisen, men ein kom sigrande ut av duellen. Opp til Førde og Jølster var det betydeleg avstand. På laget sprang Alfred Aa Hope, Per Inge Straume, Sander Hope, Nikolai Sårheim Ommedal, Eirik Rønnekleiv og Håkon Holme.

Hyen hadde også fem representantar på GFIL sine lag på Holmenkollstafetten. Alfred Aa Hope, Sander Hope, Odin Rønnekleiv Oppheim og Eirik Rønnekleiv sprang på herrelaget, medan Evalill Ommedal Aa sprang på damelaget.

Banesesongen

Dei siste åra har ein hatt utfordringar med å få stafettløparane med vidare til banesesong. Då er det svært gledeleg at ein i 2025 hadde ein, etter vår målestokk, stor tropp frå Hyen som deltok på Krinsmeisterskap/Krinsleikar på Byrkjelo.

Gledeleg er det også at ein har utøvarar med teljande resultat i dei eldre aldersbestemte klassane. Sannsynlegvis må vi tilbake til åra med pokalkamp mot Brodd sist Hyen Idrettslag hadde fleire utøvarar med resultat både på 100m, 400m og i lengde.



Deltakarar på KM i friidrett.



Maja og Viljar får medalje under Krinsleikane



Håkon Holme og Nikolai Sårheim Ommedal får medalje for 100m, G18/19

I august arrangerte Hyen eitt av tre stemner i Sommar-Cup i friidrett. Det var kring 30 deltakar frå heile kommunen som var med på friidrettsstemnet i Hyen. Det var også bra deltaking frå Hyen.

Hyen Idrettslag var også med å arrangere KM i friidrett på Byrkjelo.



Resultat

Beste enkeltresultat i gute- og jenteklassa hadde Alfred Aa Hope (G16) med 12,68 på 100m. Dette gjev 833 poeng etter Tyrvingtabellen.

HIL-guten i 2025 blei Brage Oppheim Rønnekleiv (G12) med 2062 poeng. I tillegg til Brage hadde Ingvar Ommedal Aa (G15), Odin Rønnekleiv Oppheim (G15), Alfred Aa Hope (G16), Nikolai Sårheim Ommedal (G18) og Håkon Holme (G18) gjeldande resultat i både løp, hopp og kast. Det er mange år sidan HIL hadde 6 gutar med teljande trekamp.

Brage:

Øving	Resultat	Poeng
60m	9,76	632
Lengde	3,89	788
Kule	7,19	642

Ingen jenter hadde hopp, løp og kast i 2025, men det må nemnast at Evalill Ommedal Aa hadde resultat i både løp og kast.

Treningar

Treningane i regi av friidrettsgruppa hausten og vinteren 2025/2026 er:

Måndag 17:30-19:30 → kondisjonstrening og styrke

Torsdag 17:30-19:30 → Hurtigheit og spenst

Måndag har oppmøte tidvis vore bra og vi trenar saman på tvers av alder og nivå.



Kapittel 9 Årsmelding HIL-Gym og spinning (Spinn-GYM-gruppa)

Gruppemedlemmer:

Leiar Ida Kristine Eikenes			
Ida Sofie Gjesdal Straume	Evalill Ommedal Aa	Erik Rønnekleiv Renhold/Vedlikehold	Anne Hjorteset Spinning

Tal medlemmer i HIL-GYM: Ca 140

Viderefører fra 2024 som må tas tak i året 2025

Mangler fortsatt løsninger for veggoppheng.

Mange bruker rommet både til kondisjon, styrke og spinning – Det er fortsatt en del som ikke har booket plass før trening, men klar bedring. Skal få hengt opp nye og oppdaterte plakater etter hvert for å sikre at informasjonen kommer fram godt nok. Alle som er medlem i HIL IL, og som betaler treningsavgift for vekt rommet må melde seg inn i HIL-GYM og SPINNING gruppen på Facebook. Der finner man det meste av informasjon og en plattform som blir brukt til beskjeder som gjelder vektrom/spinning.

Per nå er det dametrim hver tirsdag 18.30-20.00 og gubbetrim hver onsdag 20.00-22.00 i vektrommet og rommet er reservert fast for dette. Som regel badstue tilgjengelig om ønskelig, og ett kjekt tilbud for alle damer og gubber i bygda

Fra spinning: Nok ei kjekk spinning år er over. Men sidan været har vore så bra, har vi hatt litt færre timar og ikkje så mange på timane. Men kjekt er det, kvar gong, uansett, etter gjennomført økt. Ca 90 timar og med ca 350 deltakarar i timane. Et snitt på 3,5 pr time. Nokre få gongar var det nesten fult, men vanlegvis er det bra plass. 1 sykkel er heilt ute av drift, og et par andre er så som så. Det hadde nok vore kjekt med litt nye sykklar dersom økonomien tillèt det. Og om nokon kunne tenke seg å ta et instruktørkurs ville det være kjempebra 👍



Vedlikehold, renhold og ødelagt utstyr og apparater

Vi har fått noen tilbakemeldinger om ødelagt utstyr, manglende renhold og tomt for papir eller såpe. For å bedre dette, innførte vi tidligere i høst vaskeliste og rutiner for vedlikehold, samt påminnelser til alle om å vaske og rydde etter seg. Idrettslaget sparer mye på at Eirik Rønnekleiv tar ansvar for dette, og det er viktig at alle hjelper til. Eirik melder at det stort sett ser bra ut, men noen dager er rengjøringen mer krevende, særlig på grunn av utesko på mattene, kalkpulver og utstyr som ikke er satt på plass. Ny støvsuger ble kjøpt inn i høst og har gjort jobben lettere.

Utstyret bærer preg av mye bruk, men Eirik har fikset det meste fortløpende. Håndtaket på en romaskin og kabelen til leg curl/extension er byttet. Minst én spinningssykkel er nå ute av drift.



Sånn forlater en ikke rommet feks 😊

Mugg

Har i høst prøvd å få kontakt med noen som kan svare på når dette problemet blir tatt tak i. Kommunen er klar over tilstanden, og sier det skal fikses opp i så fort det er mulighet. Har vært i kontakt med kommunen sin bedriftshelsetjeneste for hvem som tar regningen ved å utføre luft måling for å finne ut om luften er skadelig for oss og årsak til muggen i rommet – bedriftshelsetjenesten har tatt kontakt med kommunen som sier dette er en kostnad idrettslaget selv må stå for. Har purret videre via vaktmester, og siste jeg fikk informasjon om var at kommunen var på befaring og at det skal gjøres noen tiltak på utsiden av bygget og trolig oppe på kjøkkenet.



Innkjøp av 2 nye møller – Spirit CT850+


Møllene har ikke fungert og vært store deler av året i ustand (løpeplate knekt, computer røket og skeivt løpe bånd) Kostnaden å få en service mann til Hyen var høy, men vi forsøkte med nye løpe plater i første omgang og den ene møllen fikk vi aldri opp å gå igjen mens den andre holdt seg en stund. I desember røk siste og då bestilte jeg nye møller fra Treningspartner som sto klar til bruk i januar 26. Intersport avtalen var ikke mulig å bruke då en mølle ville kostet over 100.000, - og rabatten var dårlig. (10%) Treningspartner kom med ett godt tilbud og vi fikk 2 solide møller til rundt 90.000, -. Dette skal idrettslaget søke midler på og forhåpentligvis vil noe av beløpet dekkes av utstyrsmidler fra idrettsforbundet. Dette kan ikke søkes om før 2027 for utgifter til utstyr for året 2026. Møllene vi har kjøpt inn er SPIRIT CT850+ og er en modell som er beregnet for mindre treningssentre/bedrift og dekker våre behov mye bedre enn de forrige. Smørefrie som vil si at vi slipper å smøre løpebåndet hver måned og kan følge med på computeren når det er behov for å snu båndet. Viktig at alle tar hensyn og behandler møllene fint da det er tenkt at disse skal holde i mange år framover —>



VM i styrkeløft Førde


Styret fikk mail om idrettslaget hadde anledning til å stille på dugnad i Førde under VM i styrkeløft. Som takk for hjelpen fikk idrettslaget knebøystativ, vektstang, vektskiver og løfteplattform m.m. En god gjeng fra Hyen IL stilte opp! Odin, Ingvar, Nikolai, Karl Erik, Eirik, Jon-Ivar, Olav M, Anne Berit, David, Hallvard og Hanna stilte på!

Even Rønnekleiv var behjelpelig med å hente utstyret og skrudde opp løfteplattformen. Dette er utstyr til over 100.000, - og veldig kjekt at Hyen IL deltok på dette og at vi fikk nytt utstyr til vektrommet.



Plan for treningsrommet

Vi har fått tegnet opp en delvis skisse av rommet basert på mål og har gjennom høsten sett på løsninger for bedre utnyttelse av rommet. Hvilke endringer som vil skje kommer helt an på økonomi samt ønsker fra medlemmer. Under er ett eksempel på ett forslag, men som ikke er helt ideelt grunnet plass og ønsker, men fortsetter å se på løsninger som vil utnytte rommet og gjøre rommet enda kjekkere og bruke!



Ønsket på sikt er utskiftning av dagens spinning sykler, men at antall sykler er 6 totalt. Dette gir rom for å flytte en av møllene samt elipsemaskinen inn på spinningssrommet for å frigjøre plass i vekt rommet og gi mer plass til treningsutstyr. Alt det praktiske er ikke klart, men for å ivareta spinningssgruppen vil det være klare regler for når møllen ikke er tilgjengelig, og i første omgang vil det være naturlig med en prøveperiode. Spinningssalen er populær og ett rom som er mye brukt og viktig at dette fortsetter!

HIL-Gym og spinning Facebook gruppe stemte mest på dette:

Produkt	Antall	Listepris	Rabatt	Pris
Hip trainer	1	39992	35%	25994
Spinning sykkel	6	11999	35%	7799
Functional trainer m/smith maskin + benk (Utskiftning)	1	43999	30%	30799

Ønsker med dette å legge inn ønske om innkjøp for 2026:

- Hip Trainer (Hip thrust) 25994,-
- 6 Spinningsykler 46795,-

Totalt: 72788,- (ca)

Andre innkjøp som er ønsket av medlemmene:

Oppbevaring for vektskiver på vegg

Veggoppbevaring for små utstyr

Dips hjelper (festes i ene rack)

Fotbånd til å feste i kabel

Slynge

Det er alltid rom for forbedringer så håper flere engasjerer seg for å bedre treningstilbudet i Hyen! 😊

Kapittel 10

ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

I sesongen 25/25 har Hyen handball hatt heile tre lag som har spelt i serie/serieturnering. Laga består av gutar og jenter påmeldt i klassa gutar 7, gutar 8 og gutar 10. I tillegg har fleire tidlegare spelarane frå Hyen melt overgang til Sandane og GHK handball slik at dei får utvikle seg vidare etter kvart som banene blir større og antal spelarar på bana i kamp aukar. Veldig kjekt at vi bidreg til eit godt handballmiljø i Gloppen!

Handball har hatt trening tysdag for dei yngste, med hovudtrenar Evalill Ommedal Aa og assistenttrenar Ingvar Ommedal Aa. Torsdag har vi trening for 8 til 11 år der Odin Rønnekleiv Oppheim har hovudansvar, med god hjelp frå Ingvar, Gabriel Aa Berge, Brage Oppheim Rønnekleiv og Synne Marie Oppheim. Treningane består av leikprega ballaktivitet, spenst, styrke og handballteknisk øvingar for å trene speleforståing. Som lag skal ein både fokusere på leik og moro, individuelle ferdigheitar og spele kvarandre gode.

Laget gutar/jenter 7 år



Spelarane på gutar 7 år er Solomia, Jakob, Falk, Eiril, Kristina, Sviatoslav og Bård Eirik

Laget har spelt fleire miniturneringar i Trivselshallen, Eid idrettshus og Bremanger haust og vinter. Sjølv om reisevegane kan vere lange, gjev serieturneringane fine minner, og erfaring for spelarane – det er imponerende innsats på bana og kjekt å sjå dei i aksjon! Her er det 4`ar handball med lek og moro med ball, samt meir og meir samspel. Dette skal ivaretas i uhøg tidleg konkurranse.

Laget gutar/jenter 9 år

Spelarane på gutar 8 år er Ola, Maja, Viljar, Ingrid, Joar og Jakob som hjelpespelarar ved behov. Dei har spelt serieturnering mot Breim og Sandane, men har avvikla kampar både frå Trivselshallen til Eid, Bremanger og Stryn. Det er viktig for speleforståing og for tilbodet at vi får til deltaking på kamp. Det er også kjekt å møte andre handballspelarar og oppleve meistring på bana. Dei spelar 4`ar handball med fokus på lek, meistring og ballkontakt. Det er forenkla reglar der målet er involvering utan fokus på resultattavle (men, sjølv om det ikkje blir talt mål på tavle er spelarane godt kjent med sluttresultatet).



Laget gutar/jenter 10 år

Gutar 10 har spelt 12 kampar i serie på baner i Trivselshallen, Florø, Eid, Fjarler og Førde. Spelarane er Johan, Matvii, Joar, Kristina, Frida, Isak, Olav Johannes, Viljar, Ola og Maja. Dei spelar 5 ar handball på kortbane med fokus på meistring og speglede framfor resultat. Det er kjekt å sjå dei spele kamp og få fin erfaring i si handballutvikling.





Dommarar

Odin og Ingvar har begge fullført dommarkurs som gjer at dei i sesongen har dømt fleire kampar. Det er svært viktig rekruttering for å kunne avvikle handballkampar samtidig som det gjer dei verdifull erfaring på CV.

Sosialt

Vi har faste sosiale samlingar i start av sesong, juleavslutning og i slutten av sesong. Då er det lek og konkurransar i hallen etterfulgt av matserving med pølser og kake. Veldig kjekt!

Tusen takk til alle foreldre som stiller opp, køyrer til kamp og bidreg til at vi får det kjekt med handball i Hyen!

Ved handballgruppa

Inger Marie Solheim og Synne Marie Oppheim



Felles juleavslutning for alle handballspelarane frå Hyen